



Innkalling til Utval for drift og utvikling

Møtedato: 01.04.2014
Møtestad: Formannskapsalen
Møtetid: 16:00

Eventuelle forfall må meldast til Lillian Straumøy Brakstad per tlf. 56171162, sms til eller per epost til lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
24/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
25/2014	Godkjenning av møtebok
26/2014	Referatsaker
27/2014	Delegerte saker
28/2014	Klage DNT vedtak 108/10 - Vilkår i ferdigattest - Gnr 23 bnr 221 - Galtenesvegen 118
29/2014	Klage på DNT.vedtak 010/14 - avslag på søknad om dispensasjon for frådeling av parsell i Beitingen, gnr 4 bnr 5.
30/2014	Høyring, framlegg til kollektivstrategi for Hordaland
31/2014	Handlingsplan trafikksikring 2014
32/2014	Søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i 100-meters beltet mot sjø og frå kommuneplanen sin arealdel for utviding av kommunalt VA-anlegg på Frekhaug, gbnr 23/2.
33/2014	Aktuelle saker

26. mai 2016

Atle Håtuft
møteleiar

Lillian Straumøy Brakstad
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Lillian Straumøy Brakstad		14/1330

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
24/2014	Utval for drift og utvikling	PS	01.04.2014

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

, den 24.03.2014

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Lillian Straumøy Brakstad		14/1330

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
25/2014	Utval for drift og utvikling	PS	01.04.2014

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Utval for drift og utvikling - 11.03.2014

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjent.

, den 19.03.2014

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Lillian Straumøy Brakstad		14/1330

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
26/2014	Utval for drift og utvikling	PS	01.04.2014

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
26/2014.1	Analyserapport Meland kommune , Ref Husebø vv , Report AR-14-MX-0006
26/2014.2	Analyserapport Meland kommune , Galteneset

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

, den 24.03.2014

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Lillian Straumøy Brakstad		14/1330

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
27/2014	Utval for drift og utvikling	PS	01.04.2014

Delegerte saker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
58/2014	Avvisning av søknad om løyve til oppføring av mur og garasje på gnr. 1 bnr. 355
57/2014	Godkjenning- Frådeling av parsell til naustetomt- på Gaustad- gnr. 36 bnr. 1
55/2014	Godkjenning- Arealoverføring på Ytre Brakstad, gnr. 6 bnr. 63 og 62.
56/2014	Godkjenning - rammeløyve for riving av eksisterande hytte og oppføring av ny hytte på Vikebø, gbnr 45/21.
54/2014	Godkjenning utslepp frå fritidsbustad gnr.7 bnr.11
53/2014	Godkjenning - tilbygg til fritidsbustad, gnr. 28, bnr. 11 Håtuftvegen.
51/2014	Godkjenning - oppføring av garasje i Sagstadvegen, gnr. 24, bnr. 124, snr. 1
50/2014	Godkjenning - utslepp frå fritidsbustad, gnr. 27, bnr. 27 i Drageneset.
49/2014	Godkjenning-Frådeling av 3 parsellar til bustadbygging på Mjåtveit - gnr. 22 bnr 6.
48/2014	Godkjenning - tilknytning til kommunalt vassverk, gnr. 52, bnr. 1 på Kårbø.
45/2014	Byggetiltak på gnr. 13, bnr. 4 på Røyset.
44/2014	Godkjenning - oppføring av terrasse og innbygging av trapp, gnr. 5, bnr. 25/116 på Fløksand.
42/2014	Godkjenning - oppføring av garasje gnr. 4, bnr. 33 i Rotevikshaugen.
41/2014	Godkjenning- Frådeling av parsell til bustadutbygging- felt B16 på Mjåtveit, gnr 22 bnr 190.
40/2014	Godkjenning - tilknytning til kommunalt vassverk, gnr. 45, bnr. 60

	på Vikebø.
52/2014	Byggjetiltak på gnr. 13, bnr. 4 på Røyset.
38/2014	Godkjenning - tiltak utan ansvarsrett. Oppføring av uthus/bod på Fløksand, gbnr 5/148.
37/2014	Adressetildeling/ adresseendring Ådlandsvegen 533- 537
36/2014	feilregistrering
33/2014	Adressetildeling Nordsundet 20
34/2014	Klage på utbetaling av produksjonstilskot etter søknad 20.08.13, Troppo Gard
32/2014	Godkjenning - utslepp frå fire fritidsbustader på Vikebø, gnr. 45, bnr. 60, 36/39, 74 og 10.
31/2014	Godkjenning - oppføring av vinterhage på gbnr. 21/36 i Dalemarka.
30/2014	Godkjenning - utslepp frå framtidig bustad gbnr 9/34 og 41 Mongsedalen.
29/2014	Adressetildeling Rylandshøgda 39
28/2014	Godkjenning - oppføring av tilbygg til bustad i Orrhøyen, gbnr 9/119.
27/2014	Adresseendring Rylandshøgda 1-5
26/2014	Godkjenning - oppføring av naust gbnr 41/50 - Skarpenes.
24/2014	Godkjenning - Dispensasjon frå reguleringsføresegn og løyve til oppføring av garasje på gbnr. 4/34 i Meland kommune
17/2014	Godkjenning - masseutskifting deler av delfelt B8 i Holsbergstien, Holmemarka, gnr 10 bnr 40.
15/2014	Godkjenning - oppføring av kai og båtopptrekk på Litlebergen, gnr 26 bnr 14.
14/2014	Avslag - søknad om dispensasjon for bruksendring av Sangerhallen til to bueiningar, gnr 27 bnr 21.
39/2014	Godkjenning - tilbygg til fritidsbustad på Kårbø, gnr. 52, bnr. 27.

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

, den 24.03.2014

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Johan Erstad	Gbnr - 23/221	14/579

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
28/2014	Utval for drift og utvikling	PS	01.04.2014

Klage DNT vedtak 108/10 - Vilkår i ferdigattest - Gnr 23 bnr 221 - Galtenesvegen 118

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

, den 10.02.2014

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Johan Erstad	Gbnr - 0/0	14/537

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
29/2014	Utval for drift og utvikling	PS	01.04.2014

Klage på DNT.vedtak 010/14 - avslag på søknad om dispensasjon for frådelling av parsell i Beitingen, gnr 4 bnr 5.

Saksopplysningar:

Karin Haukedal har i søknad stempla motteke i kommunen 19.9.2013 søkt om oppretting av ny grunneigedom, samt dispensasjon frå kommuneplanen. Parsellen er søkt frådelt frå gnr 4 bnr 5, Beitingen i Meland kommune, er på om lag 900 m² og er tenkt nytta til bustadtomt.

Det vart gjeve avslag på søknad om frådelling av parsell ved delegert vedtak datert 13.1.2014, DNT-sak 010/14. Vedtaket vart påklaga av Karin Haukedal i brev datert 2.2.14.

Det er ikkje registrerte naboar til omsøkte parsell og det er soleis ikkje gjennomført noko nabovarsling.

Klage:

Klagar gjer i hovudsak gjeldande:

- Saka har vore til høyring hos Hordaland Fylkeskommunen utan merknader
- Jordstyret i Meland har uttalt seg på ein slik måte at deling ikkje vil vere i strid med bruksstrukturen eller arealbruken nå eller i framtida.
- Beitingen er eit område der det meste av gardsdrift og landbruk ikkje har vore full- eller deltidsdrifta på mange år, og storleiken på gardane gjer det lite truleg at det vil vere utstrakt drift på gardane i framtida. Dette betyr at Beitingen som område er interessant for folk som ønskjer å bu landleg og samtidig ikkje for langt frå Bergen.
- Ved etablering av Beitingen byggefelt har ein sett at området har blomstra, og ein ønskjer å få ferdigstilt området ved å få bygd på den aktuelle parsellen.
- Kommunen har lagt for stor vekt på faren for presedens. Dispensasjonssøknaden må vurderast separat og ikkje i samband med kva framtidige søkarar kan ønskje seg.
- Den aktuelle tomte ligg slik til at den ikkje vil vere til ulempe for bebuarar i området eller for jordsmonnet i dag eller i framtida.
- Frådelling og bygging på parsellen vil ikkje ha negativ verknad på helse, miljø, tryggleik eller tilgjenge.
- Omsynet til natur, miljø og friluftsliv er vurdert å vere uproblematisk.
- Det er ikkje hensiktsmessig å setje i verk ein større planprosess for å dele frå den parsellen det her er tale om. Sunn fornuft tilseier at omsynet til totaløkonomien i dette vesle

- prosjektet må få forrang framfor frykta for oppstyking av andre gardsbruk i framtida.
- Det er urimeleg å vektlegge tilkomsten til området ved denne søknaden når dette ikkje i større grad vart vektlagd ved førre planprosess for Beitingen byggefelt.
- For området vil det vere store fordelar med frådelling som omsøkt, og det gjeld òg for dei som ønskjer å busette seg på staden.
- Kommunen vil og får fordelene ved utbygging som følgje av auka skatte- og avgiftsgrunnlag.

Det vert vist til klagen i sin heilskap.

Vurdering

Det følgjer av pbl § 11-6, som gjeld rettsverknader av kommuneplanens arealdel, at tiltak etter lovens § 1-6 ikkje må vere i strid med «...planens arealformål og generelle bestemmelser». Opprettinga av ny matrikkeleigedom er eit tiltak omfatta av pbl § 1-6.

I kommuneplanens arealdel er omsøkte eigedom vist som LNF-område. I føresegna til kommuneplanen er det fastsett at det i LNF-sona i utgangspunktet ikkje skal gjevast løyve til frådelling til bustadføremål.

Omsøkte tiltak er derfor i strid med gjeldande kommuneplan og krev dispensasjon for å kunne godkjennast. Lovgrunnlaget for gje dispensasjon følgjer av pbl § 19-2.

Dispensasjon etter pbl § 19-2 krev at verken «hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene med å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter en samlet vurdering». Det vil normal ikkje vere høve til å gje dispensasjon når omsyna bak føresegnene det vert søkt dispensasjon frå framleis gjer seg gjeldande med styrke, jf Ot.prp.nr. 32 (2007-2008) s 242.

Omsyna bak LNF-føremålet er i hovudsak å verna om samfunnsinteresser knytt til å ta vare på store samanhengande landbruksområde, og å hindre oppstyking. I tillegg vil ein unngå uheldig omdisponering eller fragmentering av landbruksområde og grønstruktur.

Tilhøvet til jordlova vart omtalt av administrasjonen i det påklaga vedtaket. Det vart der uttalt at landbruksomsyn - vurdert i høve til den aktuelle eigedomen som landbrukseigedom – tilsa at frådelling som omsøkt kunne godkjennast i høve til jordlova. Denne vurderinga held kommunen fast ved. Tilsvarande gjeld etter administrasjonen sitt syn natur- og friluftssyn, som ikkje vert vurdert å verte «vesentlig tilsidesatt» ved frådelling som omsøkt.

Dette er likevel ikkje tilstrekkeleg grunngeving for å gje dispensasjon, slik lova sine vilkår er formulert. Det må i tillegg vere slik at fordelane med å gje dispensasjon må vere klart større enn ulempene.

Ved avslaget i saka la kommunen vekt på at etablering av ny bustad som omsøkt ville medføre ytterlegare bruk av den smale tilkomstvegen på staden, som er utan fortau, gangveg eller vegly. Det er riktig som klagar skriv at det på tross av denne tilkomstsituasjonen vart regulert bustadfelt i området. Etablering av nye bustader gjennom planprosessar gjev kommunen likevel forsvarleg kontroll på talet på nye bustader og brukarar av tilkomstvegen, noko utbygging etter dispensasjonar ikkje gjev. Administrasjonen står difor ved vurderinga av at tilhøva knytt til tilkomstvegen taler mot dispensasjon både i dette einskilde tilfellet konkret, men òg fordi dispensasjon i saka kan skape presedens ved handsaming av seinare søknader. Dette vil føre til at dei negative tilhøva ved

tilkomstvegen vert forsterka gjennom utbygging som ikkje er vurdert i planprosessar.

Administrasjonen peiker vidare på at utbygging ved dispensasjonar utanfor regulerte område kan bidra til å leggje føringar for utnyttinga av slike areal, til dømes bustadutforming og grad av utnytting, samt at dispensasjonspraksis lett vil skapa presedens og press mot ytterlegere dispensasjonar i eit slikt område. Eit av hovudomsyna bak plan- og bygningslova sitt system med utarbeiding av reguleringsplanar i forkant av utbygging, og innstramming av vilkåra for å kunne gje dispensasjon, var nettopp å sikre at overordna planomsyn vert ivareteke ved fortetting og utbygging av nye område.

Sjølv om frådelling som omsøkt ikkje kjem i konflikt med miljø- eller landbruksomsyn, er det etter administrasjonen si vurdering riktig å avslå søknaden, fordi vilkåret om at «fordelene ved å gi dispensasjon [må] være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering» ikkje er oppfylt, jf pbl § 19-2.

Administrasjonen kan ikkje sjå at klagen inneheld nye opplysningar som endrar denne vurderinga.

Framlegg til vedtak:

«Utval for drift og utvikling kan ikkje sjå at klagar har kome med nye opplysningar i saka som skulle tilseie at avslag datert 13.01.2014 for eigedom gnr 4 bnr 5 i DNT sak 010/14 vert omgjort. Klage datert 2.2.2014 vert ikkje teke til følge. Det vert vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunngeving for vedtaket.»

, den 24.02.2014

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FA - N02, TI - &30	14/744

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
30/2014	Utval for drift og utvikling	PS	01.04.2014

Høyring, framlegg til kollektivstrategi for Hordaland

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune har sendt «Kollektivstrategi for Hordaland» ut på høyring, med høyringsfrist 11.04.2014. Strategidokumentet er utarbeidd av Skyss. Kollektivstrategien skal ikkje vere ein plan etter plan- og bygningslova, men ein strategi definert av fylkeskommunen. Denne skal leggje grunnlaget for fylkeskommunen sine prioriteringar og vere styringsdokument for Skyss sitt arbeid med utvikling av kollektivtilbodet i fylket. Eige handlingsprogram vil bli kopla mot budsjettprosessar.

Strategien legg til grunn:

- Det nasjonale målet om at veksten i persontrafikken skal takast med miljøvenlege transportformer. Kollektivtransporten må ta den vesentlege delen av trafikkveksten (NTP 2014 – 2023 og Klimaforliket)
- Det regionale målet om nullvekst i privatbilismen for Bergensområdet, der Meland er inkludert (Regional Transportplan for Hordaland 2013 – 2024)
- Folketalet i Hordaland vil auke med meir enn 20 % til 2030 og passere 600 000 innbyggjarar
- Halvparten av innbyggjarane vil bu i Bergen kommune, medan 70 % vil bu i Bergensregionen (Bergen inkludert)

Vurdering

Dersom kollektivtilbodet verkeleg skal kunne handtere den kraftige auken i behovet for persontransport som prognosene tilseier, må ambisjonane vere store. Kollektivstrategien for Hordaland inneheld derfor ambisiøse mål, som kommunane bør kunne slutte seg til.

Når det kjem til verkemidla, synes kollektivstrategien for Hordaland å vere nært knytt til folkeveksten i Bergen kommune og tilhøyrande auka marknad for kollektivtrafikken. Det bør vere fullt mogeleg å oppnå nullvekst i personbiltrafikken innafor Bergen kommune.

Dersom ein tek av seg Bergen kommune-brillene og ser nærare på målet om nullvekst i personbiltrafikken i Bergensregionen, må biltrafikken i Bergens sentrale område reduserast, slik rådmannen ser det; nullvekstvisjonen er ikkje nok. Bergensregionen dekkjer kommunar som har ein

stor del spreidd busetnad, med eit kollektivtilbod som ikkje er i nærleiken av å dekkje nødvendig persontransport. Store grupper av busette i Bergensregionen har ikkje noko anna val enn å nytte privatbil for å dra på arbeid eller oppsøke normale samfunnsfunksjonar og –tenester.

Skyss er tydeleg på at det er eit mål å styrke kollektivtilbodet der det er flest reisande. Dersom «dei reisande» omfattar personbiltrafikk i tillegg til kollektivtrafikk, altså potensialet for auka kollektivtrafikk, bør strategien få tilslutning. Rådmannen meiner ei slik styrking må bety at ein del kollektivruter blir kraftig oppgradert for å flytte dei reisande frå personbil til båt eller buss. Det er ikkje nok å legge økonomiske restriksjonar på bilbruken når alternativet (kollektivtilbodet) ikkje er tenleg. Kollektivtilbodet for Nordhordland er ikkje godt nok i dag; å reise kollektivt er relativt uinteressant utanom rushtidene på kvardagane.

Kollektivtilbodet dekkjer ikkje ein gong transportbehovet for reisande frå tettstadene eller regionsentra i Bergensregionen. For Nordhordland sin del er effekten av kollektivtilbodet redusert over fleire år på grunn av ineffektive rutestrukturar og rutetraséar, også frå dei tettbygde og sentrale områda i regionen. Direkte båtrute mellom Knarvik, Frekhaug og Bergen sentrum har retta opp mykje, men tilbodet er avgrensa til bestemte tider på dagen.

Skyss omtaler denne problematikken gjennom å peike på behovet for å utvikle regionstamlinjer i Bergensområdet, definert til å gå mellom Bergen sentrum og Kleppstø, Straume, Arna, Os og Frekhaug/ Knarvik. Skyss meiner å kunne forsvare eit kapasitetssterkt tilbod og god framkomst, men vil ikkje kunne forsvare same frekvens som bystamlinjene i Bergen. Etter rådmannen sitt syn er dette feil konklusjon, basert på frykt for manglande økonomisk oppfølging. Skal kollektivstrategien verkeleg ta opp i seg den utviklinga som foregår i regionsentra nær Bergen, må det leggjast opp til ein mykje høgare standard på kollektivtilbodet langs dei såkalla regionstamlinjene også. Elles er det ikkje mogeleg å oppnå målet om nullvekst i personbiltrafikken.

Det ser elles ut til at regionstamlinjene skal følgje hovudkorridorane, ikkje som no bli henvist til å nytte kronglete lokalveggar i bydelane med uakseptabel tidsbruk på vegen mot sentrum. Det er i så fall eit positivt trekk.

Skyss vil ha restriktive tiltak for biltrafikken, for å betre trafikkavviklinga for kollektivtrafikken. Då er det igjen viktig å legge til rette for eit fullgodt transportalternativ. Den økonomiske veksten på Vestlandet vil i all hovudsak foregå i korridoren Bergen – Stavanger, avhengig av m.a. transportsituasjonen generelt og tilgang på arbeidskraft og kapital. Her må Hordaland fylkeskommune / Skyss tenkje tilrettelegging, i staden for å snu problematikken; det er ikkje utbyggingsmønsteret som skal byggje opp under kollektivtrafikken, men kollektivtrafikken som skal byggje opp under utbyggingsmønsteret. Kollektivstrategien må ta inn over seg dei regionale planane for miljøvenleg, samordna areal- og transportplanlegging og næringsutvikling, til liks med dei enkelte kommunane sine kommuneplanar.

Når det gjeld område utanfor kommunesentrum, har Meland kommune, til liks med dei fleste kommunane i Hordaland, område med mindre tett busetnad – men med kort avstand til sentrum. Såkalla «bestillingsreiser» synes ikkje å vere eit tenleg tilbod her. Dersom Skyss ikkje vil utvikle tilbodet i mindre tettbygde – men sentrale – område, må det satsast stort på innfartsparkeringsanlegg i kollektivknutepunkt (buss eller båt) dersom personbiltrafikken inn til sentrum skal reduserast. Dette er ikkje særleg problematisert i strategien.

Andre tema:

Folkehelse: Betre kollektivtilbod vil kunne betre luftkvaliteten og ha positiv verknad for folkehelsa.

Miljø: Betre kollektivtilbod vil kunne redusere dei samla negative verknadene av trafikk.

Økonomi: Bättre kollektivtilbod vil krevje vesentleg større økonomisk innsats av sentrale ressursar men påverker ikkje kommuneøkonomien.

Konklusjon

Rådmannen meiner at det er positivt å utvikle ein kollektivstrategi for Hordland. Strategien burde likevel vore løfta opp på eit meir overordna nivå i høve til samordna areal- og transportplanlegging og dei samla miljøutfordringane, med mindre fokus på føresetnadene for drift av foretaket Skyss.

Ein framtidsretta kollektivstrategi må vektleggje kollektivtilbodet som eit fullgodt alternativ til personbiltrafikk også i dei såkalla regionstamlinjene, og ha eit mykje sterkare fokus på tidsbruk og frekvens heile døgnet, sommar som vinter, enn kva Skyss signaliserer. Område for regionstamlinjer må ha eit visst omfang, og burde i større grad gå på tvers i regionen; det er store arbeidsplassar og næringsområde utanom Bergen sentrum. Val av buss, bane eller båt må vere sidestilte og samkjørte alternativ til bilbruk.

Strategien er prega av manglande tillit til at innbyggjarane vil velje kollektivtransport dersom tilbodet blir godt nok, derfor blir det heller ikkje satsa på å få tilbodet godt nok. Det er peika på mogelege restriksjonar og «straff» dersom personbiltrafikken ikkje går ned.

Det er elles positivt at drosjenæringa er trekt inn i drøftingane.

Framlegg til vedtak:

Meland kommune er positiv til at det blir utvikla ein kollektivstrategi for Hordaland. Kommunen ber likevel om at tilliten til kollektivtilbodet blir heva og at kollektivtransport i sterkare grad får status som det beste alternativet. Val av buss, tog, bane eller båt må bli sidestilte og samkjørte alternativ til bilbruk. Dersom framlegget til kollektivstrategi blir sluttbehandla i si noverande form bør det snarast startast eit arbeid med ein kollektivstrategi som i sterkare grad fangar opp både miljøutfordringane og strukturane som gjev underlag for den sterke veksten i regionen.

, den 18.03.2014

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Berit M.Eskeland		14/1294

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
31/2014	Utval for drift og utvikling	PS	01.04.2014

Handlingsplan trafikksikring 2014

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Meland kommune sin tiltaksplan for trafikksikring 2012-2016 legg grunnlaget for dei trafikksikringstiltaka som skal gjennomførast i denne tidsperioden. På s. 2 er det spesifisert at handlingsplanen skal oppdaterast årleg for å heile tida kunne vere eit relevant verktøy for å iverksette tilpassa og gode trafikksikringstiltak.

Gjennomførte tiltak

I 2013 vart det som det største tiltaket bygd ei avkøyringsløyfe ved Vestbygd skule. Avkøyringsløyfa er eit tiltak for å sikre skulevegen til elevar som vert frakta i bil. Tiltaket har vore planlagt i lang tid, jf. Trafikksikringsplanen for Meland kommune 2007-2010.

Det er også gjennomført andre mindre tiltak i 2013. Det har kome bom ved Meland Aktiv for å hindre at bilistar brukar gang- og sykkelvegen frå Fosse, jf. handlingsplanen pkt K01. I haust vart det etablert fartshumper i Moldekleivmarka, jf. handlingsplan pkt K04. I tillegg vil det både i Moldekleivmarka og i Mjåtveitvegen bli redusert fartsgrense til henholdsvis 30 km/t og 40 km/t, jf. handlingsplan s. 25 pkt K06. Nye skilt vil bli satt opp snarleg.

Det har også kome i gang ein prosess i samarbeid med Statens vegvesen der ein arbeider med å utbetre avkøyringsløyfa ved Sagstad skule. Tiltaket er foreløpig på prosjekteringsstadiet og vegvesenet reknar med at dei tidlegast vil ha midlar til gjennomføring av tiltaket i 2015.

Vurdering

For 2014 er det satt av 300 000 kr til trafikksikring i investeringsbudsjettet. Av tiltak som ikkje er gjennomført er det spesielt veglys på ulike strekningar som gjenstår. Veglys er viktig for kjensle av tryggleik, spesielt for mjuke trafikkantar. Veglys aukar trafikktryggleiken ved å redusere talet på ulukke som skuldast dårleg sikt på den mørke tida av døgnet. I eit miljø- og folkehelseperspektiv er det også sentralt at veglys verkar positivt inn på andre faktorer, som for eksempel framkomst, trivsel, kriminalitet og estetikk.

Handlingsplanen omfatter veglys på vegen til Dalemarka (K02), veglys i Beitingsvegen (K03) samt veglys i gangvegen mellom Grønlandsvegen og Holtermandsvegen (satt opp som et punkt som bør

vurderast ved revisjon av handlingsplanen). Administrasjonen har fått kostnadsoverslag på dei ulike strekningane. Både Beitingsvegen og vegen til Dalemarka er lengre strekningar som vil trenge mange veglys. For Dalemarka vil kostnaden bli rundt 0,8-0,9 mill og for Beitingvegen ca. 1,3 mill. Dersom veglys på desse strekningane skal bli gjennomført så må tiltaka kome inn i økonomiplan investering som eigne prosjekt.

Konklusjon

Gangvegen mellom Grønlandsvegen og Holtermandsvegen er sentral på Frekhaug, og er skuleveg for mange elevar. Gangvegen er ca 200 m lang og treng 6 lyspunkt. Kostnadsoverslaget er på 150 000 kr. Veglys i gangvegen har ein lågare kostnad enn dei andre strekningane, og kan gjennomførast med årets trafikkisikringsmidlar.

Når det gjeld pkt K08 om stenging av tverrvegen nedanfor Leiketun Sagstad, så vil administrasjonen sjå nærare på dette.

Resterande midler vil bli nytta til mindre tiltak etter forløpande vurdering av inkomne innspel, til dømes sikring av skrenter, fartshumpar, trafikkspel ol.

Framlegg til vedtak:

Utval for drift og utvikling godkjenner at følgjande trafikkisikring tiltak vert gjennomført i 2014:

1. Etablering av veglys langs gangvegen mellom Grønlandsvegen og Holtermandsvegen på Frekhaug.
2. Mindre trafikkisikringstiltak

Tiltaka skal ikkje overstige ramma i økonomiplanen på 300 000 kr.

, den 18.03.2014

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingrid Moe	Gbnr - 23/2, HistSak - 13/1903	14/1349

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
32/2014	Utval for drift og utvikling	PS	01.04.2014

Søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i 100-meters beltet mot sjø og frå kommuneplanen sin arealdel for utviding av kommunalt VA-anlegg på Frekhaug, gbnr 23/2.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Saka gjeld:

Meland kommune har i søknad stempla motteke 29.11.13 søkt om dispensasjon for utviding av kommunalt VA anlegg på Frekhaug på gnr 23 bnr 2 og for legging/nedgraving av leidning i sjøområde. Tiltaka krev dispensasjon frå:

- Plan- og bygningslova (Pbl.) § 1-8 – forbodet mot byggjetiltak i strandsona
- Føremålet friområde i sjø i reguleringsplan for Nordgardshaugen
- Føremålet ferdseksområde i sjø i kommuneplanen sin arealdel

Plan- og lovgrunnlag:

Pumpestasjonen vil liggje innanfor 100-meters beltet mot sjø. Tiltaket krev derfor dispensasjon frå pbl. § 1-8 andre ledd som fastslår at tiltak etter § 1-6 første ledd "ikke [kan] settes i verk nærmere sjøen enn 100 meter fra strandlinjen målt i horisontalplanet ved alminnelig høyvann".

Det følgjer av plan- og bygningslova § 12-4 (2) at "[t]iltak etter § 1-6 første ledd (...) må ikke være i strid med [regulerings]planens arealformål og bestemmelser". Eigedomen er i reguleringsplan for Nordgardshaugen - planid. 12561991113 – regulert til friområde. Plassering av pumpestasjon vil vere avhengig av dispensasjon frå føremålet i gjeldande reguleringsplan jfr. Pbl. § 19-2.

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 11-6 at tiltak ikkje må vere i strid med kommuneplanen. Området i sjø er sett av til ferdseksområde i sjø. Tiltaket er derfor i strid med føremålet i arealdelen av kommuneplanen, og løyve til tiltaket er avhengig av dispensasjon etter pbl. § 19-2.

Søklar syner til at vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova er oppfylt og skriv:

"Det har i lengre tid vore eit stort luktproblem knytt til defekt kommunal slamavskiljar i Markavegen på Frekhaug. Kommunen har utført fleire reparasjonar på slamavskiljaren gjennom dei siste åra, men dette har ikkje løyst problemet. Meland kommune har no fått slamavskiljaren utreda av innleigd konsulent, som har konkludert med at kommunen bør erstatte eksisterande slamavskiljar med ein annan løysing.

Ettersom slamavskiljaren i dag ligg svært tett opp i eksisterande busetnad er det ikkje aktuelt å sette inn ein ny slamavskiljar på same plass. I staden for har kommunen fått prosjektert ei løysing der avlaupet vil gå i eksisterande leidningstrasè til ein ny pumpestasjon ved Frekhaug brygge for så og pumpast gjennom leidning i sjø til eksisterande kommunalt reinseanlegg. Trasè er vist i vedlegg 1. Denne trasèen vil også gjere det mogleg å kople ut eksisterande slamavskiljar på Frekhaug brygge, og i tillegg få dette avlaupet til reinseanlegget. Eventuelle andre løysingar har blitt forkasta grunna vesentleg større terrenginngrep og

For å få gjennomført anlegget så søkjar Meland kommune om dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona etter Plan- og bygningslova § 1-8. I tillegg vert det søkt om dispensasjon store kostnader frå gjeldande reguleringsplan for Nordgarden, Frekhaug for tiltak i regulert friområde. Tiltaket det gjeld er oppsetting av ein pumpestasjon. Pumpestasjonen vil bli anlagt heilt i utkanten av friområdet, og vil bli plassert opp mot ein fjellvegg slik at den ikkje hindrar ferdsel i strandsona. Bygget har ein liten størrelse med ei flate på ca. 7 m2 og er ca. 3 m høgt. Bygget vil ikkje hindre bruk av friområde, men vil betre kvaliteten for omkringliggjande områder med tanke på lukt og forureining.

Vidare søkje kommunen dispensasjon frå friområde i sjø i reguleringsplan for Nordgarden, Frekhaug. Leidningen vil blinedgrave i grunnen, og vil ikkje hindre bruken av område som i reguleringsplanen er satt av til bade plass. Anlegget vil også føre til at eksisterande utslepp i sjø vert sanert. Dette vil kunne betre kvaliteten på badeplassen.

For resterende del av leidningstrasè i sjø så vert det søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for inngrep i ferdselsområde i sjø. Leidningen vil ligge på botn, og ikkje kome i konflikt med båttrafikk i område.

Kommunen ser på anlegget som ein svært god løysing for miljøet og nærliggjande busetnad ettersom ein får sanert to eldre slamavskiljarar. Anlegget blir også bygd på ein måte som vil føre til få synlege terrenginngrep, der det er berre pumpestasjonen som vil vere synleg etter gjennomført arbeid. Tiltaket vil såleis ikkje endre formell arealbruk i området.”

Nabovarsling:

Naboar er varsla, ingen merknader.

Høyringsfråsegner:

Dispensasjonssøknaden har vore sendt på høyring til Hordaland Fylkeskommune v/Regionalavdelinga og Fylkesmannen i Hordaland v/Kommunal- og samfunnsplanavdelinga, ved høyringsbrev datert 16.12.13. Det er ikkje motteke merknader til søknaden frå høyringsinstansane

Vurdering

Dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2

Dispensasjon etter pbl § 19-2 krev at verken ”hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering”.

I lovens føremålsføresegn § 1-1 heiter det mellom anna: «Loven skal fremme bærekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner».

Det vil normalt ikkje vere høve til å gje dispensasjon når omsyna bak føresegna det vert søkt dispensasjon frå framleis gjer seg gjeldande med styrke jfr. Ot.prp.nr. 32 (2007-2008) s. 242.

Det følgjer vidare av pbl § 19-2, 4. ledd at kommunen ikkje bør gje dispensasjon frå «planar, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8» dersom sektorstyresmaktene har rådd i frå å gje dispensasjon. I dette tilhøve har ikkje sektorstyresmaktene rådd frå å gje dispensasjon.

Søknaden er vurdert opp mot omsynet bak føresegnene det vert søkt om dispensasjon frå.

Sentralt i administrasjonen si vurdering har vore:

- Omsynet til kommuneplanen sin arealdel
 - Nærleik til sjø og forbod mot tiltak i 100 m beltet i strandsona, pbl § 1-8
 - Kvalitetar i landskapet
 - Omsynet til helse, miljø, tryggleik og tilgjenge
-
- Dispensasjon frå forbod mot tiltak i 100 m beltet i strandsona og føremålet friområde i gjeldande reguleringsplan

Omsyna bak byggjeforbodet i 100-meters beltet og omsyna bak reguleringsformålet friområde er i hovudsak samanfallande. Byggjeforbodet i strandsona skal i det vesentlege verne om allmenta si generelle rett til fri ferdsel og friluftsliv i strandsona. Omsyna bak friområde er å sikre areal i kommunen som skal vere tilgjengelig for allmenta til rekreasjon.

Føresegnene skal hindre ytterlegare privatisering av strandsona. I tillegg skal forboda mellom anna sikre at natur-, og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser blir verna.

Det er ikkje høve til å dispensere frå byggjeforbodet/føremålet i reguleringsplanen dersom desse omsyna vert sett vesentlig til side jfr. Pbl. § 19-2 andre ledd.

Det vert no søkt om etablering av ein pumpestasjon. Pumpestasjonen vil bli lagt heilt i utkanten av friområdet, og plassert mot ein fjellveg slik at den ikkje hindrar ferdsel i strandsona. Slik administrasjonen ser det vil ikkje bygget virke privatiserande, eller ha nokre påreknede verknad for miljø- og naturkvalitetane på staden jfr. Naturmangfaldlova § § 8 og 9. Administrasjonen vurderer at omsyna bak føresegnane ikkje vert sett nemneverdig til side gjennom ein dispensasjon som omsøkt.

I tillegg "må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering".

Eksisterande slamavskiljar ligg i dag svært tett opp i eksisterande busetnad, og det er ikkje aktuelt for kommunen å sette inn ein ny slamavskiljar på same plass. I staden har kommunen fått prosjektert ei løysing der avlaupet vil gå i eksisterande leidningstrasè til ein ny pumpestasjon ved Frekhaug brygge. Deretter vil avlaupet blir pumpa gjennom leidning i sjø til eksisterande kommunalt reinseanlegg. Denne trasèen vil i tillegg gjere det mogleg å kople ut eksisterande slamavskiljar på Frekhaug brygge, og overføre dette avlaupet til reinseanlegget. Tiltaket vil føre til at eksisterande utslepp i sjø vert sanert. Dette vil kunne betre kvaliteten på badeplassen. Kommunen ser på anlegget som ei svært god løysing for miljøet og nærliggjande busetnad, ettersom ein får sanert to eldre slamavskiljarar. Anlegget vil bli bygd på ein måte som vil føre til få synlege terrenginngrep, der det er berre pumpestasjonen som vil vere synleg etter avslutta arbeid. Bygget har ei grunnflate på ca. 7 m² og er ca. 3 m høgt.

Administrasjonen kan i denne saka ikkje sjå at det ligg føre ulemper som talar mot tiltaket.

Administrasjonen vurderer at det er klar overvekt av fordelar som talar for at dispensasjon vert gjeve.

- Nærare om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen for inngrep i ferdselsområde i sjø.

Omsyna bak føremålet med ferdselsområde i sjø er å ivareta natur, ferdsel, fiske og friluftsliv. På bakgrunn av vurderinga og grunngevinga over legg administrasjonen til grunn at tiltaket heller ikkje vil ha nokre negative verknader på dei omsyn som ligg til grunn for gjeldande arealføremål. Leidningen vil ligge langs botn, og ikkje kome i konflikt med dei ovannemnde omsyna. Administrasjonen si vurdering av fordelar og ulemper ved å gje dispensasjon er òg den same her som i høve til dispensasjon frå byggjeforbodet i pbl. § 1-8 og arealformålet friområde. Det ligg derfor føre ei kvalifisert overvekt av fordelar som talar for å gje dispensasjon frå gjeldande arealformål jfr. pbl. § 19-2 andre ledd.

Samla konklusjon:

Administrasjonen finn at korkje omsyna bak reglane det vert dispensert frå eller omsyna bak loven elles, vert sett vesentleg til side ved å gje dispensasjon slik det er søkt om i dette høvet.

Vidare finn administrasjonen at fordelane ved å gje dispensasjon som omsøkt er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Vilkåra for å gje dispensasjon frå byggjeforboda i respektivt pbl. § 1-8 (strandsona), § 12-4 (friområde) og § 11-6 (ferdselsområde i sjø) er dermed til stades jfr. pbl. § 19-2.

Vidare saksgang

Søkjjar har høve til å klage på vedtaket dersom søknad om dispensasjon vert avslått. Klagen skal stilast til Meland kommune, som vidaresender den til Fylkesmannen i Hordland for endeleg avgjerd etter vedtak i Utval for drift og utvikling.

I tråd med gjeldande rutinar skal Fylkesmannen i Hordaland v/Kommunal- og samfunnsplanavdelinga og Hordaland fylkeskommune v/Regionalavdelinga ha tilsendt vedtaket for å vurdere om dei vil nytte klageretten sin dersom kommunen gjev dispensasjon.

Byggjetiltak kan ikkje gjennomførast før det er søkt om og gjeve løyve til etter pbl. kap. 20.

Det må innhentast samtykke etter Havne- og farvannsloven § 27 frå Bergen og Omland Havnevesen før tiltaket i sjø kan gjennomførast.

Framlegg til vedtak:

«Utval for drift og utvikling godkjenner med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 dispensasjon frå det generelle forbodet i pbl. § 1-8 – forbod mot byggjetiltak i 100- meters beltet langs sjø, friområde i reguleringsplan for Nordgarden, og arealdelen av kommuneplanen ferdselsområde i sjø, for utviding av kommunalt VA anlegg på Frekhaug i samsvar med søknad stempla motteke 29. november 2013 og som vist på situasjonskart datert 15.10.2013. Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:
- Det må innhentast samtykke etter Havne- og farvannsloven § 27 frå Bergen og Omland Havnevesen før tiltaket i sjø kan gjennomførast.

Tiltaket kan ikkje setjast i verk før det er godkjent etter pbl. kap. 20. Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jfr. Pbl. § 21-9. For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor. Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.»

, den 24.03.2014

Ingrid Moe
byggjesakskonsulent/jurist

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Lillian Straumøy Brakstad		14/1330

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
33/2014	Utval for drift og utvikling	PS	01.04.2014

Aktuelle saker

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

, den 24.03.2014

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent